

## VEDTEKTER FOR STIFTINGA INNVIK NÆRINGSUTVIKLING.

I tillegg gjeld lov om stiftingar av 15.6.01, nr 59. Dersom der er motstrid mellom vedtektene og lova, går lova føre.

### § 1 Oppretting

Stiftinga er ei alminnelig stifting.

Stiftinga er etablert av Sogn og Fjordane fylkeskommune som frå 1.1.2020 har gått inn i Vestland fylkeskommune og Stryn kommune.

Stiftinga sitt firma skal vere Stiftinga Innvik Næringsutvikling og skal ha sitt forretningssete i Stryn kommune.

### § 2 Føremål, drift m.v.

Stiftinga har som føremål å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje utvikling og nyskaping i 6793 Innvik.

### § 3 Grunnkapital

Stiftinga har ein grunnkapital på kr 100.000,-

### § 4 Styret

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

#### Valperiode, valrett

Styret vert vald for ein periode på 2 år.

Valretten ligg til Sogn og Fjordane fylkeskommune som frå 1.1.2020 har gått inn i Vestland fylkeskommune som vel 2 representantar og formannskapet i Stryn kommune som vel 1 representant.

#### Samansetnad

Styret har 3 medlemmer.

Styremedlemer skal veljast mellom representantar som bur og arbeider i det geografiske område kjent som Sogn og Fjordane fylke før 1.1.2020.

Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

Dagleg leiar har møte- og talerett i styret.

#### Oppgaver

Styret har følgjande hovudoppgåver:

- Å ivareta ansvaret for drifta av stiftinga.
- Å ivareta dei oppgåver som er tillagt styret i lov om stiftingar.
- Å utarbeide godkjent årsmelding, årsrekneskap og å foreta årsoppgjer.
- Å tilsetje dagleg leiar, forretningsfører eller andre arbeidstakarar og fastsetje løns- og arbeidsvilkår for desse.
- Å fastsetje møte-, reise- og opphaldsgodtgjersle for styremedlemene m.v.
- Å handsame vedtektsendingar og spørsmål om oppløysing av stiftinga (omdanning).
- Å velje revisor

### Styremøta

For styremøta gjeld følgjande:

- Styret gjer vedtak i møtet, jfr likevel stiftingslova § 31.
- Styret vert innkalla av styreleiar eller når minst to styremedlemer krev det.
- Styret sitt vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved røystelikskep gjeld det som styreleiar har røysta for, jfr likevel stiftingslova § 33, 2. ledd.
- Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal underskrivast av alle dei styremedlemene som deltok i styremøtet.

### § 5 Revisjon, rekneskap, kontroll m.v.

Revisor vert vald av styret.

Stiftinga har rekneskapsplikt etter lov om rekneskap.

Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding skal sendast Rekneskapsregisteret seinast ein månad etter fastsetjing av årsrekneskapen, jfr rekneskapslova § 8-2.

### § 6 Dagleg leiing

Den daglege leiinga av stiftinga si verksemd skal ivaretakast av ein dagleg leiar. Denne kan vere t.d. ein eigen direktør, styreleiaren, forretningsfører eller andre innleidde personar.

Dagleg leiar har ansvaret for at verksemda vert driven i samsvar med vedtektene og styret sine vedtak.

Dagleg leiar førebur saker for styret og syter for at det vert ført møtebok frå styremøta.

Styret kan fastsetje instruks for dagleg leiar.

### § 7 Representasjon utad

Styret representerer stiftinga utad. Styret kan gi styremedlemer eller dagleg leiar rett til å representere stiftinga utad i samsvar med stiftingslova § 38.

### § 8 Omdanning

#### 1. Vedtektsending

Styret vedtar endringar i vedtektene. **Fylkeskommunen** og formannskapet i Stryn kommune er høringsinstans med omsyn til endring av vedtekter for stiftinga.

## 2. Oppløysing m.v.

Styret kan med 2/3 fleirtal tilrå å oppheve, fusjonere eller fisjonere stiftinga. **Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane som frå 1.1.2020 har gått inn i Vestland fylke** og formannskapet i Stryn kommune er høringsinstans med omsyn til eventuell oppløysing, fusjon eller fisjon..

## 3. Godkjenning av Stiftingstilsynet

Vedtektstendring, oppløysing eller anna omdanning skal godkjennast av Stiftingstilsynet som har omdanningsmynda.

Innvik 19.9.2019

*Gitt Sande*

*Dyjan Slider*

*Aubur Skjyphed*

